

## Årsmelding for Vestland SV 2020-21

### 1) Fylkesårsmøtet 2020

Fylkesårsmøtet var laurdag 8. februar og søndag 9. februar på Scanic Ørn i Bergen. Det var 92 utsendingar og 15 observatørar på møtet.

Det var 27 lokallaga som møtte: Alver SV, Askvoll SV, Askøy SV, Austevoll SV, Austrheim SV, Bergen SV, Bjørnafjorden SV, Bremanger SV, Bømlo SV, Eidfjord SV, Fjaler SV, Gloppen SV, Høyanger SV, Kinn SV, Kvam SV, Kvinnherad SV, Osterøy SV, Sogndal SV, Solund SV, Stad SV, Stord SV, Sunnfjord SV, Sveio SV, Ullensvang SV, Ulvik SV, Vik SV og Øygarden SV.

### 2) Fylkesstyret

På fylkesårsmøtet vart desse valt til fylkesstyre:

Leiar: **Hege Lothe**, Gloppen

Politisk nestleiar: **Camilla Ahamath**, Bergen

Organisatorisk nestleiar: **Akthar Chaudhry**, Bergen

Økonomiansvarleg: **Audun Syltevik**, Bergen

Distriktpolitisk ansvarleg: **Gaute Losnegård**, Askvoll

Folkevald ansvarleg: **Torunn Olsnes**, Bergen

Fagleg ansvarleg: **Hege Bjørnør**, Bjørnafjorden

Kvinnepolitisk ansvarleg: **Vibeke Johnsen**, Sogndal

Miljøpolitisk ansvarleg: **Åsmund Bertelsen**, Sunnfjord

Styremedlem: **Anna Sofie Ekeland Valvatne**, Stord / Bergen

Styremedlem: **Geir Madsen**, Kvam

Styremedlem: **Hilde Maria Boberg Andresen**, Bergen

I tillegg har vore representert i fylkesstyret:

Representant frå SU: **Hans Christian Knutsen** til sommaren 2020

Representant frå SU: **Rasmus Madsen Berg** frå hausten 2020

Fylkestingsgruppeleiar: **Marthe Hammer**

**Fylkesstyremøte:** Fylkesstyret har hatt 10 møte gjennom året og handsama 87 saker.

Møta har vore 16. mars, 23. mars, 16. april, 2. juni, 24. august, 14. september, 11. oktober og 2. november i 2020 og 18. januar og 3. februar 2021.

Eitt av styremøta har vore fysisk frammøte etter folkevalsamlinga på Flesland 11. oktober. Dei andre møta har vore med nettløysinga Zoom.

Fylkesstyret har hatt ein god kameratsleg tone, og hatt fleire gode politiske og organisatoriske drøftingar. Hovudmøteforma er kortare digitale kveldsmøte, og det er eit klart ønske å få til fleire fysiske møter. Fylkesstyret hadde allereie god trening med å fylkesstyremøte digital, då korona-situasjonen slo inn over fylkeslaget. Vi ønskjer å få til meir møtetid saman, og gjere fleire fysiske møter, slik at ein kan ta opp fleire saker og få drøfta fleire av sakene grundigare.

**Utvida fylkesstyremøte:** Vedtekten opnar for utvida fylkesstyremøte der alle lokallaga vert invitert inn i møtet med ein representant kvar. I året som har gått er det gjort to gongar, både 2. desember og 14. januar. Hovudemne for møtet var å drøfte arbeidsprogramframlegget med tanke på å levere inn endringsframlegg og drøftingane i

sentralstyret. Fylkesstyret meiner dette var nyttige møter, og meiner det kan vere nyttig å utvide bruken av utvida fylkesstyremøte.

### **3) Arbeidsutvalet**

Arbeidsutvalet er **Hege Lothe**, leiar, **Camilla Ahamath**, politisk nestleiar, **Akthar Chaudhry**, organisatorisk nestleiar og **Audun Syltevik**, økonomiansvarleg. Det er berre leiar og dei to nestleiarane som har røysterett i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet har hatt 13 møter gjennom perioden og har førebudd fylkesstyremøte, og arbeidd vidare med saker og gjord vedtak på oppdrag frå fylkesstyret. Eitt av møta har vore på fylkeslagskontoret i Bergen. Dei andre har vore med nettløysinga Zoom.

### **4) Valnemnd**

På fylkesårsmøtet vart det valt eiga valnemnd. Desse har vore:

**Rafael Cobo**, leiar (Askøy)  
**Aud Kari Isane** (Sogndal),  
**Eldrid Skudal** (Sunnfjord),  
**Eli Neeraas Vihovde** (Sveio)

**Gina Barstad**, (Bergen)

**Jonas Aleksander Foldnes** (Vestland SU)

Valnemnda møttest i høve folkevald- og tillitsvald-samlinga i oktober og sidan hatt digitale møte.

### **5) Revisorar**

På fylkesårsmøtet vart Steinar Øydvin (Sogndal) og Lena Grønningsæter (Bergen) valt til revisorar. Mette Holmefjord Olsen er vara.

### **6) Utvala**

I vedtekten står det at om «fylkesstyret ser at det er trøng for å få løyst ulike oppgåver, kan dei opprette utval eller nemnder». Vi har teke med oss ulike tradisjonar inn i Vestland SV for korleis vi arbeider med utval, og har brukt tid på å få sving på utvalsarbeidet. Det vart sendt ut ein eigen e-post til alle medlemer, der alle hadde høve til å melde interesse. På den måten fekk vi utvida breidda i kven som vart representerte i utvalsarbeidet. I år har vi fått etablert eit nytt utval etter ynskje frå fylkesårsmøtet. Minoritetspolitisk utval har kome sterkt inn i arbeidet. Internasjonalt nettverk har vi ikkje fått sving på, og i arbeidsplanen vert det gjort framlegg om ny type organisering for det nye arbeidsåret.

#### **Distriktpolitisk utval**

Utalet vart utpeika på fylkesstyremøte 16. april 2020. Med i utvalet har vore følgjande:

**Gaute Losnegård** (Askvoll), leiar  
**Geir Madsen** (Kvam)  
**Elisabeth Croles** (Kvinnherad)  
**Vivian Midtbø** (Kinn)  
**Guro Ljone** (Ulvik)  
**Mari Svartveit Hansen** (Ullensvang)  
**Bjørg Fritsvold** (Vik)

Koronaåret har sett sitt preg på aktiviteten i utvalet. Vi har hatt kontakt via epost. Av politisk arbeid har vi blant anna sendt innspel til nytt partiprogram og til Ny grøn deal.

Vi har hatt ei rekke digitale debattmøte, dei fleste opne for alle medlemmene i fylkeslaget:

- 28. april (innspel til partiprogrammet, med Marthe Hammer frå programnemnda)
- 17. juni (om Grøn ny deal, berre for utvalet)
- 15. oktober – distriktpolitisk idéverkstad 1: med Per Arne Tveit
- 27. oktober – distriktpolitisk idéverkstad 2: med Heidi Grande Røys
- 10. november – distriktpolitisk idéverkstad 3: om programarbeidet i SV (med Christian Torset og Marit Aklestad, begge i programnemnda (dette møtet var ope for medlemmer over heile landet)

Deltakinga på nettmøta har vore varierande, men nokolunde bra ut i frå føresetnadene. Også utan pandemi vil det vere stor geografisk spreiing blant dei interesserte på eit slikt politikkområde. Tanken har vore å legge grunnlaget for eit distriktpolitisk nettverk som kan byggjast ut til å dekkje fleire fylke og landsdelar. Eit slikt arbeid vil vere krevjande, men kan gje SV mykje tilbake.

#### Fagleg utval

- Hege Bjørnør**, leiar (aktiv i Fagforbundet) (Bjørnafjorden)
- Vigdis Vestvik**, tilsett i NNN (Bergen)
- Asle Olsen**, aktiv i Industri og energi (Bjørnafjorden)
- Steinar Øydvin**, tillitsvald Utdanningsforbundet (Sogndal)
- Linda Karin Gangstøe**, varamedlem for tilsetterrepresentant i Helse Bergen, Fagforbundet i Helse Bergen (Bergen)
- Kathrine Froestad**, regionsekretær i Fagforbundet Vestland (Kvam)
- Katrine Anita Heggelund**, medlem i Fellesforbundet (Gloppen)
- Marianne Sæhle**, tilsetterrepresentant i styret for Helse Bergen, Norsk Sykepleierforbund (Bergen)
- Henrik Fjeldbø**, forbundssekretær i Industri og Energi (Høyanger)

Det har ikkje vore aktivitet i utvalet med møter gjennom året. Leiar har vore raskt ute med å sende politiske støttmeldingar i streikar og aktuelle arbeidslivskonfliktar i Vestland. Desse har vore publisert på heimesidene og i sosiale medium, i tillegg til å bli sendt direkte til dei det gjeld.

#### Kvinnepolitisk utval

- Vibeke Johnsen**, leiar (Sogndal)
- Eva Aarskog**, nestleiar (Øygarden)
- Jenny Kjøsnes** (Fjaler)
- Sissel Kulid** (Bergen)
- Marita Solvang** (Bremanger)
- Anna Katrine Eltvik** (Bergen)
- Monica R Wallem** (Bergen)
- Silje Hjelmeland** (Kvinnherad)
- Hege Elna Mikkelsen** (Bergen)

Utvalet har hatt fire møte, 6. mai, 23. september og 19. november 2020 og 4. februar 2021. Vi har mellom anna jobba med framlegg til arbeidsprogram, og hadde innleiing av Marthe Hammer (arbeidsprogramkomiteen) i møtet 19. november. Dei fleste

medlemmane var med og arrangerte 8. mars i eigen kommune, i Fjaler for første gong på mange år.

**FN-dagen for avskaffing av vald mot kvinne: 25. november:** Kvinnepolitisk utval markerte FN-dagen for avskaffing av vald mot kvinner med lesarinnlegg av Eva Aarskog og Anna Katrine Eltvik i Bergensavisen, og omsett til nynorsk og signert av Jenny Kjøsnes og Vibeke Johnsen i Firda og Sogn Avis.

Same dag arrangerte vi nettmøte om Noreg si oppfølging av Istanbul-konvensjonen med Ida Marie Hansen (Sanitetskvinnene), Tiril Vold Hansen (Krisesentersekretariatet) og Veronika Wiese (JURK) med kommentarar frå Ingrid Høgnebø (kvinnepolitisk leiar i SV) og leia av Vibeke Johnsen. Det var om lag 50 som fulgte webinaret direkte og det var mange som kom med kommentarar og spørsmål undervegs. Debatten har hatt rundt 745 visningar og du finn den her: <https://www.facebook.com/HordalandSV>, under 25. november 2021. Det er særstilt nyttig å ha god dialog med kvinneorganisasjonane, og dei var og godt nøgde med samarbeidet.

### **Miljøpolitisk utval**

Etter styremøte i juni har miljøpolitisk utval hatt slik samansetting:

**Ingrid Rekkavik** (leiar), Bergen,

**Åsmund Berthelsen** (miljøpolitisk ansvarleg), Sunnfjord,

**Ivar Grape Arnesen**, Bergen,

**Kristin Skaar**, Bergen,

**Hallvard Birkeland**, Bergen,

**Ole Fosse Fardal**, Floppen,

**Jens Revold**, Bergen,

**Arnfinn Gjerdåker**, Voss

**Ragnhild Freng Dale**, Bergen/Sogndal

**Soukaina Legdani**, Bergen

Utvalet har hatt nettmøte/medlemsmøte om fyrsteutkastet til SV sin plan for Grøn ny deal (GND) med Lars Haltbrekken som innleiar. Utvalet sende også innspel til framleggjet. Utvalet har drøfta fyrsteutkastet til arbeidsprogram for SV og sendt inn forslag til endringar. I arbeidet med både desse innspela har utvalet teke utgangspunkt i fråsegnene frå fylkesårsmøte i 2020, Frå veksttvang til likevektsamfunn og Klimakrise, naturmangfaldskrise og vindkraft.

Utvalet har ei eiga facebook-side der også fleire enn utvalsmedlemmene er med. Her vert det lagt ut lenkjer til viktig stoff om miljø og kommentarar. Sidan kan godt nyttast meir som forum for å dele kunnskap og som forum for å diskutere.

Dei viktigaste miljøpolitiske sakene for Vestland SV har vore Ferjefri E39 og Hordfast som vi kjempar mot i fleire samanhengar. Viser her til melding frå fylkestingsgruppa om handsaminga av nasjonal transportplan. Vindkraft har vore tema i miljøpolitisk utval, og det har vore tema i fylkestinget og sentralt i SV. Vestland SV har programfesta eit klart nei til meir vindkraft på land og har uttalt seg klart mot fleire av dei konkrete planane i Vestland – kan hende spesielt planar om utbygging på Bremangerlandet og på Okla (Stad) i Sogn og Fjordane.

### **Minoritetspolitisk utval**

Medlemane i utvalet vart valdt av fylkesstyret og deretter konstituerte utvalet seg sjølv.

**Akhtar Chaudhry**, leiar (Bergen)

**Camilla Ahamath**, nestleiar (Bergen)

**Symphorien Pombe**, medlem av arbeidsutvalet (Øygarden)

**Rafael Cobo Garrido** (Askøy)

**Elin Hege Lona** (Osterøy)

**Aslak Owren** (Bergen)

**Abuljabbar Alammouri** (Aurland)

**Benedict Ernest Peter** (Bergen)

**Ikran Ahmed Khalif** (Bergen)

**Nedzada Fjærstad** (Sogndal), trekte seg frå utvalet

Utvalet hadde fem møte i 2020, eitt var fysisk og vart avslutta med sosialt samvær.

I framkant av den varsla SIAN-demonstrasjonen i Bergen i august prøvde utvalet å ta initiativ til eit eige arrangement. Dette fekk ein ikkje til på grunn av smittevernsituasjonen. Utvalet laga i etterkant eit eige digitalt nettmøte med tittelen: «Hvordan håndtere rasistiske budskap og provokasjoner». Det var samfunnsdebattant Shoaib Sultan og Thyra Græsdal frå Viken SV som innleia til ordskiftet. Utvalet oppmoda kommunestyrerrepresentantane i Vestland SV til å setje rasisme på dagsorden. Ein interpellasjon vart fremja i fleire kommunestyre. Utvalet har også arbeidd mykje med stortingsnominasjonen i Hordaland med tanke på å få kandidatar med etnisk minoritetsbakgrunn høgt på lista. Sjå eige vedlegg.

### **Utdanningspolitisk utval**

Fraksjonen som var etablert som støtte for arbeidet i Hovudutval for opplæring og kompetanse vart utvida med fleire medlemmer og har etter juni vore eit utval for heile utdanningsløpet, frå barnehage til universitetsnivå.

Desse har vore med i utvalet sidan juni månad:

**Åsmund Berthelsen**, leiar (Sunnfjord)

**Jeffrey Meijer** (Bremanger/Bergen)

**Torunn Olsnes** (Bergen)

**Jonas Aleksander Foldnes** (SU / Øygarden)

**Hege Lothe** (Gloppen)

**Hilde Iren Rivedal** (Sunnfjord)

**Erlend Breidal** (Bergen)

**Birgitte O. Skibenes** (Bjørnafjorden)

**Evelyn Monslaup** (Austrheim)

Alle møta har vore digitale og har mest handla om å drøfte saker som skulle handsamast i hovudutvalet. Dei viktigaste sakene er omtala i årsmeldinga frå fylkestingsgruppa og her nemnt berre som stikkord: Nærskulepoeng i inntaksordninga, mål og strategidokument lagt fram og handsama, skulestrukturen er sikra og viktige liner/program innafor praktiske og praktisk estetisk fag er sikra og miljøkoordinatorar ved skulane. Men det er skore ned på ein del viktige område og det har vorte høgare krav til oppfylling i klassane.

Utvalet har også drøfta og kome med framlegg til endringar/tillegg til arbeidsprogrammet til SV. Utvalet fekk gjennomslag for to og nokre vart fremja i landsstyret. Utvalet var særleg oppteke av understreke kor viktig barnehagen er for ungane, og for deira vidare utvikling. Utvalet tok også opp om det er lurt å lovfeste rett til lære plass i vidaregåande skule og om løyse litt opp på formuleringa om at alle lekser skal gjerast på skulen. Utvalet meinte at litt arbeid heime kan gje grunnlag for betre kontakt mellom borna og føresette. Medlemmene frå Sosialistisk ungdom ville at fråversgrensa i vidaregåande skal opphevast.

Utvalet vil også drøfte framlegget til arbeidsprogrammet frå landsstyret og kome med eventuelle innspel til det. Fleire i utvalet har hatt vanskar med å få til å møte, og vi har berre vore tre-fire med.

## 7) Tilsette

**Frøydis Olaussen** er fylkessekretær for Vestland SV i full stilling. Ho hadde tidlegare full stilling for Hordaland SV. Ho er sekretær for fylkesstyret og arbeidsutvalet, og har stort sett med alt fylkeslaget arbeider med. Det tyder at ho følgjer opp alle dei organisatoriske tiltaka i fylkeslaget knytt til arrangement og valkamp, og gjer mykje arbeid knytt direkte til lokallaga. Etter ei omlegging i løpet av året er det ho som gjer økonomiarbeidet saman med økonomiansvarleg. Vi leige eit rekneskapskontor til å ta seg av konkrete lønsutbetalingane. Ho følgjer også arbeidet knytt til fylkestinget tett, og deltek som sekretær i forhandlingar med samarbeidspartia, på mange av møta i fylkesutvalet, og i fylkestinget.

**Morten Heszlein-Lossius** har fram til og med 2020 arbeidd full tid i stilling som er delt mellom Møre og Romsdal SV (20%), Bergen SV (40%) og Vestland SV (40%).

Begge to deltek på dei sentrale stabsmøta og held kontakt med partikontor og stab på Stortinget. Begge to har legg ned ein enorm innsats for oss, og fylkesstyret meiner det er tydeleg å sjå kor viktige dei tilsette er for Vestland SV, og for Bergen SV.

Gjennom året har det vore arbeidd med framlegg til ei reforhandling av avtala med sentralt. Den nye avtala vart først signert i midten av desember. I den nye avtala får Møre og Romsdal SV 40% og Vestland SV held fram med 60%, der vi deler utgiftene med Bergen SV og dei får då halve deler av stillinga.

Dette vert eit spesielt år fordi **Morten Heszlein-Lossius** har fått 50% permisjon for å vere nestleiar i Palestinakomiteen. Han vil arbeide 40% for Møre og Romdal SV og dei 10% Vestland SV har til gode vil bli sett inn den hektiske delen av valkampen.

## 8) Fylkeskontoret

Fylkeskontoret til Vestland SV er i St. Jakobs plass 9 i Bergen sentrum. Det er fast kontorstad for Morten Heszlein-Lossius og Frøydis Olaussen. Gruppeleiar Marthe Hammer har også kontorplass her. På slutten av 2020 og på nyåret i 2021 flytta vi frå 7. etg til 1. etg. Vi deler kontor med Bergen SV, Bergen SU og Vestland SU. Frå 2021 betalar Møre og Romsdal SV ein fast sum for kontorlokale kvart år, sidan også dei har nytte av desse lokala. Dei nye lokala er større og det er dermed noko høgare husleige. Lokala er langt betre tilgang for personer i rullestol, eller med barnevogn. For alle medlemer som

er i Bergen og ynskjer å sjå innom SV-kontoret er dette langt meir tilgjengelege kontorlokale enn tidlegare.

## **9) Landsstyret**

Perioden byrja med fleire ekstra digitale landsstyremøte knytt til handteringa av koronasituasjonen. Spesielt ei sak vart drøfta fleire gonger i løpet av nokre hektiske døgn, og det var spørsmålet om kor store fullmakter regjeringa skulle få og kor lenge desse skulle vare. Deretter har det vore digitale landsstyremøte alle gongane så nært som eitt fysisk møte i september. Vi har etter kvart god trening med digitale møter. Møterekorden til no med lengste landsstyremøtet var i januar der vi ende på fire(!) møtedagar.

Vi har også denne perioden prøvd å fremje eigne framlegg til fråsegner, men har ikkje lukkast med å få desse fram til vedtak.

I perioden har Audun Lysbakken og Gina Barstad møtt som sentralstyremedlemer og **Oddny Miljeteig** har vore direktevald landsstyrerepresentant.

**Landstyrerepresentant: Hordaland**

**Camilla Ahamath**, Bergen

1. vara **Akhtar Chaudhry**, Bergen

2. vara **Torunn Olsnes**, Bergen

3. vara **Geir Madsen**, Kvam

Landsstyrerepresentant: Sogn og Fjordane:

**Hege Lothe**, Gloppen

1. vara: **Vibeke Johnsen**, Sogndal

2. vara: **Åsmund Bertelsen**, Sunnfjord

3. vara: **Gaute Losnegård**, Askvoll

Torunn Olsnes har vore inn som vara for Camilla Ahamath på eitt møte, medan Hege Lothe har hatt vara i Vibeke Johnsen på deler av to møter, og Åsmund Bertelsen møtte på det fysiske landsstyremøtet i haust.

Utsendingane frå Vestland SV søker å vere aktive i landsstyremøta, og samsnakke seg med andre fylkeslag på førehand. Ved nokre høve får vi til å drøfte sakene på førehand i fylkesstyret og utvida fylkesstyre, og det er eit veldig gode for det politiske arbeidet.

## **10) Anna representasjon i denne perioden**

Vestland SV er representert i både den sentrale leiinga i partiet og sentrale utval.

**Audun Lysbakken** er partileiar

**Gina Barstad** er sentralstyremedlem

**Andreas Sjalg Unneland** var leiar i Sosialistisk Ungdom til han gjekk av i juni. Han er no stortingskandidat for Oslo (og dermed er det vel siste gong han vert med på oppteljinga)

**Oddny Miljeteig** er direktevald landsstyrerepresentant

**Vibeke Johnsen** er medlem i Kvinnepolitisk utval

**Mariann Fossum** er medlem av Kvinnepolitisk utval

**Sara Bell** er medlem i Fagleg utval  
**Vigdis Vestvik** er medlem i Fagleg utval  
**Jarle Brattespe** er medlem av Miljøpolitisk utval  
**Kerim Nisancioglu** er medlem av Miljøpolitisk utval  
**Elin Hege Lona** er medlem av Inkluderingspolitisk utval  
**Anna Nordlund** er medlem av EU/EØS-utvalet  
**Rafael Cobo** er medlem av Internasjonalt utval

**Marthe Hammer** sat i programkomiteen som laga framlegg til nytt Arbeidsprogram 2021-2025

**Hege Lothe** har vore med i førebuande valnemnd til landsmøtet i 2021  
**Agathe B. Waage**, nestleder i Sosialistisk Ungdom, frå sommaren 2020  
**Hans Christian Andersen Knutsen**, sentralstyremedlem i SU  
**Eirin Miljeteig Helgesen**, sentralstyremedlem i SU

## **11) Nominasjonsarbeidet i Sogn og Fjordane**

Nominasjonsnemnda vart valde på fylkesårsmøtet i februar 2020. Dei fem var:

**Bente Nilssen**, leiar (Kinn)

**Steinar Øydvin**, Sogndal

**Kristine Timberlid**, Høyanger

**Jakob Andre Sandal**, Sunnfjord

**Jørgen Bergset**, Stad

Nemnda byrja arbeidet på våren 2020 og fekk inn framlegg frå lokallaga. Deretter arbeidde dei også fram eigne kandidatar. Framlegget vart først sendt ut tidleg på hausten for å få innspel frå partiet, og deretter vart endeleg innstilt liste sendt ut til heile organisasjonen i rett tid før nominasjonsmøtet.

## **12) Nominasjonsmøte i Sogn og Fjordane stortingsvalkrins**

Møtet vart halde laurdag 14. november. Møtet var først tenkt som fysisk møte på Sandane, men på grunn av koronatiltak blei det halde som digitalt møte der alle sat kvar for seg. På Sandane hadde Gloppen SV tromma i hop ein liten gjeng som sat i lag og dette gav litt ekstra stemning til møtet. Det var Heidi Grande Røys som leiar møtet. Det var 22 delegater og 11 lokallag + SU som deltok på nominasjonsmøtet.

Nominasjonsnemnda hadde fjorten dagar før møtet, klart eit framlegg til liste for Sogn og Fjordane valkrins ved stortingsvalet 2021. Møtelyden valde dei nominerte i samsvar med innstillinga.

- 1) **Hege Lothe**, Gloppen.
- 2) **Hans Christian Andersen Knudsen**, SU/Sogndal/Oslo
- 3) **Vibeke Johnsen**, Sogndal
- 4) **Åsmund Berthelsen**, Naustdal/Sunnfjord
- 5) **Nermin Ali Wasta**, Måløy/Kinn
- 6) **Silje Høgelid**, Høyanger/Bergen
- 7) **Bent-Inge A. Borgund**, Nordfjordeid/Stad
- 8) **Hilde Iren Rivedal**, Førde / Sunnfjord
- 9) **Sæmund Stokstad**, Lærdal
- 10) **Heidi Grande Røys**, Florø / Kinn

### **13) Arbeidet med å lage «10 valløfter» i Sogn og Fjordane**

I Sogn og Fjordane peika fylkesstyret ut fem personar til å lage framlegg til 10 valløfter:

**Hege Lothe**, leiar (Gloppen)

**Hans-Christian Andersen Knutsen**, SU / Sogndal

**Vibeke Johnsen**, Sogndal

**Gaute Losnegård**, Askvoll

**Hilde Iren Rivedal**, Sunnfjord

Dei fem vart peika ut i desember og fekk eit hektisk arbeidsøkt fram mot fylkesårsmøtet.

Dei har kome fram til eit framlegg som har blitt styret sitt framlegg til 10 valløfter. Det endelege vedtaket gjer utsendingane og fylkesstyremedlemene frå Sogn og Fjordane i møtet direkte etter at fylkesårsmøtet er avslutta.

### **14) Nominasjonsarbeidet i Hordaland**

Nominasjonsnemnda vart valde på fylkesårsmøtet februar 2020. Nemnda såg slik ut:

**Oddny Miljeteig**, leiar, Bergen

**Steinar Nørstebø**, Bergen

**Nils Magne Blålid**, Stord

**Hege Bjørnør**, Bjørnafjorden

**Dina Serina Owren**, Vestland SU

Lokallag og utval vart bedd om å kome med framlegg til lista. Nominasjonsnemnda la fram fyrste listeforslag 5. november 2020. Laga kom med innspel til 15. desember.

Nemnda kom med endeleg listeframlegg 6. januar 2021. Framlegg til stortingsliste for SV i Hordaland vert vedteke på nominasjonsmøte 14. februar 2021.

### **15) Arbeidet med å laga «10 valløfter» i Hordaland**

Framfor tre stortingsval har Hordaland SV laga valløfter til veljarane. Også i år skal valkrinsen gjere det. Fylkesstyret peika ut ei arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å lage framlegg til 10 valløfter:

**Steinar Nørstebø**, leiar (Bergen)

**Sara Bell** (Bergen)

**Jørjan Tveit** (Eidfjord)

**Dag Sandvik** (Voss)

**Anna Sofie Valvatne** (Stord / Bergen)

**Camilla Ahamath** (Bergen)

**Audun Lysbakken** (Bergen / Oslo)

Å stille til val med 10 valløfter vart fyrste gong gjort i 2009. Om vi kjem i eit fleirtal på Stortinget frå hausten vil dei punkta som står på Audun si liste så øvst på gjeremålslista. Fylkesstyret vedtek valløftene og sender ut til alle laga i Hordaland. Det er utsendingane på nominasjonsmøtet som vedtek dei ti valløftene etter at sjølve stortingslista er vedteken.

### **16) Dreieboka for valkampen 2021**

I arbeidsprogrammet står det at fylkesstyret skal sørge for å lage ei organisatorisk dreiebok for å drive stortingsvalkamp i to valkrinsar frå ein partiorganisasjon. Ein av erfaringane våre frå fylkesvalkampen sist var at det var mange slags organisatoriske utfordringar vi ikkje hadde drøfta på førehand, og som dermed

ikkje var løyst i det valkampen byrja. Fylkesstyret valde å setje ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide ei dreiebok for dei to valkampane.

Denne arbeidsgruppa var sett saman av tilsette og tillitsvalde:

**Hege Lothe**, leiar for arbeidsgruppa

**Vibeke Johnsen**

**Audun Syltevik**

**Steinar Nørstebø**

**Frøydis Olausson**, fylkessekretær

**Morten Heszlein-Lossius**, distriktssekretær

Denne arbeidsgruppa møttest nokre gonger på tideghausten og fleire av tilrådingane som låg i dreieboka er teken inn i arbeidsplanen og vil også bli lagt fram for lokallaga i løpet av fylkesårsmøtet/nominasjonsmøte-helga. Den viktigaste avgjerda er at vi skal ha ei valkampgruppe for dei to valkrinsane gjennom heile våren og til august. Frå då av deler ein seg i to grupper som utfører den operative valkampane i to krinsar.

## 17) Samlingar og seminar

**Folkevald- og tillitsvaldsamling**: 10. og 11. oktober var det folkevald- og tillitsvaldsamling i Bergen. Dette vart eitt av få arrangement i 2020 som vi kunne halde som ei større fysisk samling. Av omsyn til smittevernet valde ein å legge samlinga til hotell. Samlinga blei eit kjærkome avbrekk frå alle dei digitale møta, og eit høve til å kjenne på fellesskap og kveike kvarandre til vidare arbeid i sosialismen si teneste.

Laurdagen var det felles sesjonar der mellom andre Audun Lysbakken og Kirsti Bergstø var innleiarar, medan sundagen var delt i to parallelle sesjonar, ein om lokallagsarbeid, der det mellom anna var styreskulering ved Eli Ulvestad frå partikontoret og ein som retta seg imot folkevalde, der det mellom anna blei snakka om å få gjennomslag ved Andreas Unneland (Fjell SV/Oslo SV) og budsjettarbeid i kommunestyret, ved leiar Hege Lothe. Begge sesjonane hadde media og sosiale media-skulering med Martin Grüner Larsen frå partikontoret.

Det var 45 påmelde til folkevald- og tillitsvald-samlinga fordelt på 14 lag. Det er fyrst og fremst ein auke i tal på deltakarar. Året før var det 30 påmelde frå 14 lokallag.

**Digitale møte**: Skuleringsmøte: Marthe Hammer inviterte til to lågterskel skuleringsmøter på dagtid i mars og april om SVs hovudsaker.

Skulering for nye tillitsvalde: I april inviterte vi nye lokallagsleiarar og styremedlemer til samling med informasjon om kva som vert forventa av lokallagsleiarar og organisasjonsutfordringar.

Valkampmøte: I september hadde Vestland SV og lokallaga våre nettmøte med Kristian Fjellanger som er valkampsjef på SV sentralt. Han gjekk gjennom planane så langt dei var komne då, og så var det også mogleg med ei innspelsrunde frå laga.

## 18) Regionmøte

I dette arbeidsåret har det vore eitt regionmøte for Sogn og Fjordane. Møtet var digitalt 5. mai 2020. Med på møtet var stortingsrepresentant Nicholas Wilkinson som er stortingsrepresentant for Akershus og har fadderansvar for Sogn og Fjordane. Han

hadde vore ute i lengre sjukdomsperiode og var med å fortalte litt om korleis han arbeider og at han er open for å bli kontakta. Utover dette fortalte leiar i nominasjonsnemnda, Bente Nilsen, om arbeidet deira og det vart drøfta opplegg for nominasjonsarbeidet. Det var semje om å ha nominasjonsmøte for Sogn og Fjordane i november.

## **19) Medlemstal**

Vestland SV har 2021 betalande medlemer i 2020. Vi fekk 169 nye medlemer og vi har hatt ein vekst på 39 medlemer. Året før i 2019 auka fylkeslaget med 350 medlemer. Samanlikna med det, er dette ein beskjeden vekst. Vi er likevel svært glade for at det er medlemsvekst. Denne veksten har vore i prosent størst i Ulvik SV og Vik SV. Det er 19 lokallag med under 30 medlemer, 10 lag har mellom 33 og 88 medlemmer. Bergen SV har utrulege 1085 medlemmer!

## **20) Lokallaga**

Vestland fylke har 43 kommunar. Vestland SV har 31 lokallag fordelt på 31 kommunar. Av desse lokallaga er det 29 som har representasjon i kommunestyret. Vestland SV er oppteken av å halde tett kontakt med lokallaga. Alle styremedlemane i fylkesstyret er fadder for eitt til tre lokallag alt etter storleiken på laget. Med jamne mellomrom er det telefonkontakt med lokallagsleiarane for å søkje informasjon om stoda i laget, og høyre om aktuelle saker lokalt. Lokallagslista og fadder såg pr. årsskiftet slik ut:

**Hege Lothe:** Stryn SV, Stad SV, Kinn SV

**Camilla Ahamath:** Bjørnafjorden SV, Høyanger SV

**Akhtar Chaudry:** Øygarden SV, Ullensvang SV og Kvam SV

**Audun Syltevik:** Vaksdal SV og Sunnfjord SV

**Torunn Olsnes:** Austrheim SV, Alver SV og Askøy SV

**Hege Bjørnør:** Austevoll SV og Osterøy SV

**Vibeke Johnsen:** Aurland SV og Vik SV

**Åsmund Berthelsen:** Stord SV og Sveio SV

**Gaute Losnegård:** Solund SV, Fjaler SV og Lærdal SV

**Anna Sofie Ekeland Valvatne:** Bømlo SV, Kvinnherad SV og Askvoll SV

**Geir Madsen:** Floppen SV, Ulvik SV og Eidfjord SV

**Hilde Maria Boberg Andresen:** Bergen SV

**Marthe Hammer:** Voss SV, Sogndal SV og Bremanger SV

Siste året har vi hatt to utvida fylkesstyremøte der alle lokallaga kan møte med ein representant kvar. Det vil betre kontakta mellom lokallaga og fylkeslag om vi hadde slike møteplassar jamt fordelt gjennom året.

Det er stor spennvidde i kva type lokallag Vestland SV har. Det største lokallaget har nær halvparten av medlemane i fylkeslaget, medan dei minste lokallaga har to-tre medlemer. Fylkesstyret meiner det er viktig å halde fram arbeidet med å styrke lokallaga. Koronasituasjonen har gjeve lokallaga utfordringar med å halde møter og tilskipingar. Likevel opplever fleire lag stabile medlemstal. Der Bergen SV peikar seg ut med veldig positiv vekst. Dette viser at lokalt arbeid der vi møter folk på heimebane er avgjerande for partiet.

## **21) Folkevalde**

SV er representert i 29 kommunestyre i Vestland fylke. Vi har 58 folkevalde i kommunestyre og bystyre, og 4 folkevalde på fylkestinget. Det er 33 kvinner og 28 menn.

Av minoritetsbakgrunn er desse representet: **Symphorien Pombe** (både i kommunestyret i Øygarden og fylkestinget) **Camilla Ahamath** og **Eira Garrido** (bystyret i Bergen), **Usama Ismael** (i kommunestyret i Ulvik, flytta i løpet av perioden) og **Rafael Cobo** (kommunestyret i Askøy).

## **22) Fanemarkeringar i høve streik**

Vestland SV prøver vere til stades og syne støtte når det er arbeidskonflikt. Gjennom året har vi vore med på fanemarkeringar knytt til fleire streikar.

Vekterstreiken: 23. september, 1. oktober og 22. oktober

Heismontørene knytt til fagforeningsknusing: 8. desember

Solidaritet med permittere i Hotell og restaurantbransjen: 14. desember

FO og Fagforbundet: 25. januar

**Andre markeringar:** Vestland SV har delteke på markering knytt til Black Lives Matter i juni.

Demonstrasjon mot SIAN-demonstrasjon i august.

## **22) Pressearbeid gjennom året**

Det siste året har det vore mindre pressearbeid. Fleire av fylkesstyremedlemene har hatt eigne utspel og Marthe Hammer profilerer SV på fylkestinget på ein veldig gode måte.

Fylkesstyret meiner at vi som fylkeslag kan bli endå meir aktive med utspel i media.

## **23) Sosiale media**

**Facebook:** Vestland SV har ei Facebook-side med 3 061 følgjarar. Det er fylkessekretær som fyrst og fremst oppdaterer og legg ut saker på nettsida. Den vert oppdatert med aktuelle saker her på Vestlandet, men også nasjonale saker i tillegg til opplegg frå sentralt.

**Instagram:** Vestland SV har ein instagram-konto på 631 følgjarar. Det er fylkessekretær som fyrst og fremst oppdaterer denne kontoen. Der er med aktuelle hendingar, bilete frå fylkestinget og fylkestingsmedlemene og delemateriale som vi får frå sentralt.

Det er viktig for oss å vere til stades på sosiale media. Vi møter både våre eigne, folk som kan bli samde med oss og meiningsmotstandarar der. Bilete, filmar og saker på sosiale media er viktig for å skape både samkjensle og kveik i eigen organisasjon, og få ut kunnskap og argument for våre saker.

## **24) Fylkespolitikken og samarbeid med fylkestingsgruppe**

Fylkestingsgruppa har klar ein veldig grundig politisk rapport som går gjennom alle dei viktigaste sakene i fylkestinget i år, og kva som har vore viktig for SV. Gruppeleiar på fylkestinget, Marthe Hammer, er medlem i fylkesstyret og deltek i alle møtene. Det er fast at ho informerer fylkesstyret om dei viktigaste og mest aktuelle sakene. Fylkesleiar har også delteke på nokre gruppemøte med fylkestingsgruppa gjennom året.

Fylkestingsgruppa deltok også aktivt på folkevald- og tillitsvaldsamlinga i oktober. Alle dei fire fylkestingsmedlemene har sin eigen fraksjon som vert kalla inn i framkant av møte. Utfordringar er å engasjere medlemene og lokallaga, og få inn innspel til rett tid, slik at det er mogleg for fylkestingsgruppa å ta det med i sitt arbeid. Dette meiner fylkesstyret vi bør arbeide endå meir med.

Fylkesstyret vil gjere stor takk til heile fylkestingsgruppa og ein ekstra takk til gruppeleiar Marthe Hammer som gjer ein formidabel innsats for oss.

## **25) Arbeidsplan for Vestland SV**

Fylkesstyret valde ei arbeidsplannemnd i desember som fekk arbeidet med å lage framlegg til ny arbeidsplan for 2021-2023. Nemnda arbeidde godt gjennom januar og fekk lagt fram sitt framlegg som planlagt. Desse var med i arbeidet:

Hege Lothe, leiar arbeidet, Gloppe

Audun Syltevik, Bergen

Kristina Våge Ballard, Sveio

Silje Høgelid, Høyanger / Bergen

Jonas Aleksander Foldnes, SU / Øygarden

Tara Wiers Kvamme, SU / Kvinnherad

## **26) Samarbeid med SU**

Vestland SV har eit godt samarbeid med Vestland SU. SU møter med ein representant i fylkesstyret og valnemnda, og har i tillegg delteke i fleire arbeidsgrupper og nemnder. Vestland SU arbeider sjølvstendig, og gjer ein viktig politisk innsats retta inn mot ungdom. I år har det vore to samarbeidsmøter, eitt i vår og eitt i haust mellom Vestland SV og Vestland SU. Det er god og jamn kontakt, og vi arbeider tett om både organisatoriske og politiske saker.

## **27) Økonomi**

Slik det går fram av rekneskapen for 2020 har Vestland SV fått eit positivt resultat på om lag 240 000 kroner. Det er godt over det budsjetterte overskotet på 90 000 kroner. Hovudårsakene til dette er fleire. Fylkesårsmøtet vart billegare enn planlagt og korona-pandemien har gjort at planlagde tilskipingar har blitt avlyst. Vi har også hatt ei folkevald og tillitsvald-samling og den vart gjennomført på hotell og slik sett vart den dyrare enn planlagt. Kostnadane for ulike digitale program har også auka fordi laga har blitt avhengig av digitale møteplassar.

I 2020 vart regnskapsføringa lagt om slik at rekneskapen no vert ført av fylkessekretær på partikontoret i Bergen. Denne omlegginga vart varsle på førre fylkesårsmøte og omlegginga vart fullført i oktober. Årets rekneskap er framleis i ein overgangsperiode. Omlegginga har forenkla økonomisamhandlinga mellom Vestland SV og Bergen SV, og vi trur det vert mykje klarare i framtida. I løpet av året har vi gjennomført samarbeidsmøte med Vestland SU der økonomi har vore eit viktig emne.

## **28) Generell oppsummering av året**

Sidan korona-pandemien endra heile måten vi kunne organisere og møtest i organisasjonen berre nokre få veker etter førre fylkesårsmøte, vart dette eit år utanom det vanlege. Fylkesstyret hadde allereie god trening i å møtest digitalt, men berre eitt fysisk møte gjennom året var ikkje planlagt. Vi er veldig glad for at vi fekk til ei samling i oktober, sjølv om mange også den helga måtte melde avbod. Vi hadde programmet klart for ein større ideologikonferanse i november, men den måtte vi avlyse.

I vår var det tilbod om lønsjmøte digitalt. Fleire av utvala har hatt digitale samlingar og møte, og vi har også gjeve lokallaga høve til å møtest nokre gonger gjennom året. Det er godt å sjå at mange har fått til å vere kreative.

Fleire lokallag har hatt mindre aktivitet, men det er også fleire lokallag som har helde koken gjennom året. Fylkesstyret i Vestland SV er både takksame og imponert over innsatsen i lokallaga og bed om at det gode arbeidet held fram i valkampåret som kjem.